



KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL


KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 3

Hausten 2018

50. årgang



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



SOKNEPREST
Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Tlf. 61 12 13 22
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag




ORGANIST
Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR
Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: helenals.wright@gmail.com



KYRKJELYDSARBEIDAR
Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: er623@kirken.no



SAKSBEHANDLAR
Linda Mæhlum Robøle
tlf. 957 64 900
E-post: lr895@kyrkja.no



KYRKJETENAR
Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Kjell Fjeld, leiar
tlf. 404 04 820
E-post: kjell@fjellsbygda.no



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Klara Månun, leiar
tlf. 909 44 332
E-post:
klarathon.manum@gjensidige.no



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESRÅD**
Ole Bergene, leiar
tlf. 950 89 360
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen

Ekspedisjon:
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:
Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla



Bibelordet:

«For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, verken det som er i høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning, skal kune skilje oss frå Guds kjærlyghet i Kristus Jesus, vår Herre.
Apostelen Paulus i Romerbrevet, kap. 8, vers 38

Soknepresten – studiepermisjon

Marit prest har studiepermisjon
17. september – 15. november.

Prost Carl Philip Weisser styrer vikartenesta, og det blir Tore Samuelsen, Per Arne Faye og prost-en sjølv som hovedsakeleg er vikarar i perioden.

Kontakt med prest?
Info får du på kyrkjekontoret,
61 12 13 20 el. 918 37 011

**«Lytt til ord som gjev næring
til gode kvardagar.»**

**Forsidefoto: Randi M. Vilberg.
Frå Samuelstادتjern**

**Bakside : Ingun Kompen.
Frå konfirmasjonsdagen 2018**

Juniorgjengen

startar opp att onsdag 19. september kl. 17
på Bergsbakken



Bruflat menighetshus

Laurdag 20. oktober kl. 15
TV-aksjonssamling med info om Kirkens bymisjon ved Marte Bjørnøy Lalim, servering, sang, auksjon og utlodning.



Arkivbilde, frå tidlegare husfest.
Leiar i Styret for Bruflat menighetshus
Anne Marit Stensæter

Bruflat menighetshus

Søndag 11. november kl. 17
Haustfest med utlodning til inntekt for huset (Loddbøker er i omløp)
Gjenbruksmusikken og Honning og Rigabalsam deltek.

Styret

Leige Bruflat menighetshus?

Kontakt Anne Marit Stensæter, 41 04 74 17

Brøttum-besøk på Kyrkjesletta

Søndag 19. august var det gudsteneste på Kyrkjesletta med besøk frå Brøttum menighet og – historielag. Stølsfolk, etnedøler og hedemarkingar hadde ei fin stund saman.

Vi starta med gudsteneste før det var servering av kyrkjekaffe og informasjon om Kyrkjesletta.

Asta Karin Kampen fortalde inspirerende om stølsområdet på Dalen, som har eksistert i fleire hundre år. Tidlegare var det fastbuande på Dalen, ja den siste flytta derifrå på 1990-talet.

Fram til 1894 høyrde heile Steinsetbygda og resten av Nord-Etnedal til Nord-Aurdal, og gamle kyrkje-

vegen over sletta og nordvestover vitnar om eit strabasøst vegleie til Skrautvål. Tradisjonen seier at det har stande ei stavkyrkje på Dalen, men dette er uvisst. Kyrkjetomta er uansett gamal, og ualminneleg der ho ligg som ein vigsle plett med altar og oppbygde benker.

Det var Gerd Marit Myhrvang, leiar i soknerådet på Brøttum, opprinneleg frå Etnedal (fødd Strande) som tok initiativet til gudstenesta. Muséet på Fagernes var neste stopp på programmet deira, som også inneheldt omvising ved Lundebrua.



Asta Karin Kampen fortalte om Kyrkjesletta og stølsområdet på Dalen.

Preike på Kyrkjesletta 19. august 2018

⁴¹ Då spurde Peter: «Herre, er det oss du siktar til med denne likninga, eller gjeld ho for alle?» ⁴² Herren svara: «Kven er den trufaste og kloke hushaldaren, den som herren set over tenestefolket sitt så han skal gje dei mat i rette tid?» ⁴³ Lukkeleg er den tenaren som herren finn i arbeid med dette når han kjem tilbake!

⁴⁴ Sanneleg, eg seier dykk: Herren skal setja han over alt det han eig. ⁴⁵ Men set at tenaren seier med seg: 'Det tek nok endå ei stund før herren min kjem', og han så tek til å slå tenestegutane og tenestejentene og eta og drikka til han blir full. ⁴⁶ Då skal herren hans koma ein dag han ikkje ventar og ein time han ikkje



veit om, og hogga han ned og la han få dela lagnad med dei vantruande. ⁴⁷ Den tenaren som veit kva herren hans vil, og likevel ikkje steller i stand eller gjer det herren vil, han skal få mange slag. ⁴⁸ Men den som ikkje veit det og gjer det som fortener slag, han skal sleppa med færre. Den som mykje har fått, av han blir det venta mykje. Og den som mykje er tiltrudd, av han skal det krevjast dess meir.

Luk 12,41-48

Vi er ganske forskjellige vi menneske, men noko er felles, som til dømes dette at vi har fått livet i gåve. Det er i Gud vi lever, rører oss og er til, og sjølv livet blir vi aldri ferdige med å undrast over. Kroppen sine funksjonar, tanken si kraft, vårt sinn og ånden som bur i oss. Det er overveldande stort, og samstundes så sårbart. Berre eit visst tidsrom får vi her på jorda, nokon lever lenge, andre kort, ja nokon får ikkje starta livet før det er over. Av og til må vi dvele litt ved det sårbare, slik at vi ikkje fell i freisting til å tru at vi alltid skal vere her. Vi veit sørgeleg godt at det ikkje er sant, vi blir minna på det kvar gong eit jordisk band blir slete over, og det er både sunt og nødvendig å tenke på sitt eige band som skal slitast – ein dag. Eller for å seie med Olav Duun «For dei to som har auge for det, kjem kvardagen som eit under.»

Vi er forskjellige, takk og pris for det, men vi har også fått eit felles oppdrag ; vi skal forvalte livet og

jorda vår og alt vi elles har fått, tida, relasjonane, evnene våre, eignedelane. Tid har vi fått likt utdelt, 24 timer i døgeret, vi har ulike relasjonar, det viktige er at vi tek godt vare på dei nære. Det er livets fyrste utfordring, og så kjem dei andre på rekke og rad ... Eitkvart møte gjer noko med oss, og vi gjer noko med dei vi møter. Tenk om nokon ikveld vil takke for at dei møtte oss i dag?

Jesus har lært oss mykje om livsverdiar, og hans utgangspunkt var dette: Å elske Gud, elske nesten sin som seg sjølv, samanfatta i det doble kjærleiksbodet. Ein som har gløtta inn i denne spegelen, vil sette medmennesket høgt. Våre medmenneske som vi ser, og dei vi ikkje ser, dei vi er einige med og dei vi er ueinge med, dei som treng ei ekstra hand eller eit lyttande øyre. Kva ville Jesus ha gjort?

Tekstavsnittet vi har lese i dag, har litt unaturleg avgrensing. Les gjerne avsnittet som står foran, 35-40. Då vil du sjå at det store temaet her er Jesu atterkome.

Det er ei alvorleg og krevjande tid vi lever i. Mennesket held på å undergrave seg sjølv med forureining av skaperverket og tanke og sinn, krig og uforsonlegheit, maktsjuka og råskap. Eg skal ikkje gå i detalj, vi får mange nok inntrykk berre gjennom nyheitssendingane, eg skal framheve fylgjande : Gud har framleis like stor kjærleik til mennesket og skaperverket, han held jorda og universet i si hand og når tida er inne skal det oppfyllest som Jesus talar om her (dei andre evangelia inneheld same bodskapen) Jesus skal koma att for å dømme levande og døde, som det står i trusvedkjenninga vår. Englane varsla om det då Herren skildest frå dei på Himmelfartsdagen; «Denne Jesus, som vart teken bort frå dykk opp til himmelen, han skal koma att på same måten som de såg han fare opp til himmelen»

Difor trur vi på noko større og betre enn undergang og øydelegging. Vi trur på den framtid apostelen Johannes skriv om, (Openberringa 21) «Eg såg ein ny himmel og ei ny jord»., eit tilvere der rettferd, fred og sanning bur, når alt blir lyfta opp i Guds evige lys.

Difor takkar eg for livet, ser kvar ny dag som eit under, prøver etter beste evne å forvalte det eg har fått, ynsker å vere årvaken – og ser fram til Jesu Kristi kome i herlegdom.

Marit prest



Grendegudsteneste på Solbjør

Søndag 12. august tok Tutta Solberg gjestmildt imot omlag 30 til gudsteneste på Solbjør.

Utan tonefylgje lydte salmesangen likevel godt i dei trivelege stovene. Vertinnen er særleg glad i «Den prektig kledde sommerfugl,» så det var opningsalme. Elles handla gudstenesta om å dele. Utgangspunktet var forteljinga i Lukas ev. kap. 8 der det blir fortalt frå starten av Jesu offentlege verksemd der han reiser omkring i byar og landsbyar i Galilea og ber fram den gode budskapet om Guds rike. Dei tolv læresveinane er med han, og fleire kvinner som ved Jesu lækjedom har fått eit nytt liv. Mellom dei var Maria frå Magdala, Maria Magdalena og Johanna, som var gift med ein av forvaltarane hos kong Herodes. Det står at dei tente Jesus med alt dei eigde.



Leif Bergene var kyrkjevert, og er her fotografert saman med Tutta Solberg.

«Pusungen», katten til Tutta hadde vore borte ei stund, men under kyrkjekaffen så dukka han plutselig opp att – til stor glede for eigaren.

Marit prest tok utgangspunkt i tiendeoffer som vart gjeve på Jesu tid og takkebøna som blir bedt når vi gjev takkofferet i vår gudsteneste.

«Herre Gud, himmelske Far, de er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende. Ta imot gåvene våre for Jesu Kristi skuld» Ei tekst som er henta frå salme 24 i Bibelen.

Kva har vi som vi ikkje har fått? Oppmodinga var å dele, og tenkje strukturert om gjevartenesta vår. Både praktisk og materielt, og åndeleg – basert på grunnverdiane som Jesus har gjeve oss gjennom det store kjærleiksbodet.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffe med eit rikhaldig kakebord og mange gode samtaler rundt i stovene.



Trivelege bordsete under kyrkjekaffen.

August

*August er det mykeste myke jeg kjenner,
denne skjelvende streng mellom sommer og høst,
denne dugg av avskjed i mine hender.*

*Dette hemmelige milde inn over jorden,
denne lyende stilhet: Tal Herre, tal!
dette lyset som hviler på modningens høyde,
dveler og synker mot visningens dal.*

*Disse kvelder da trær
er som skygger i skyggen.
Denne etterårsfred over sted og forstand.
Jeg har drømt at jeg seilte mot evigheten,
og en kveld i august var den første
besynderlig duse kjenning av land.*

*Jeg vet midt i alt det jeg ikke vet:
August er det mykeste myke jeg kjenner,
myk som sorg og som kjærlighet.*

Einar Skjæraasen

Inger og Nola: brev-venner gjennom 53 år

I 1965 gjekk Inger Lyberg på skulen heime på Toten. Ein dag kom læraren med namn og adresser til amerikanske skuleelevar som ville brevveksle med norske ungdommar.

Inger fekk tildelt ei som heitte Nola Nackerud, og dermed starta ein straum av brev i år etter år.

Fyrste brevet

Det var Inger som skreiv det fyrste brevet, og Nola minnest at ho hadde så fin handskrift.

Inger vart etter kvart lege, gift med Leif og busett i Etnedal med tre barn.

Nola gifta seg i Alaska, men skilde seg barnlaus etter mange år, og flytta til Nicaragua i Sør-Amerika. Ho har master i barnepsykologi med døve barn som spesialitet. Ho bur i ein liten landsby i fjella, og prøver å hjelpe dei døve barna og ungdommane fram til ei utdanning dei kan leva av. Dei er frå 5 år og opp til vidaregåande skule. Nola arbeidde i fredskorpset fyrst to år, og har sidan halde fram med å hjelpe dei døve barna. I alt har ho budd i Nicaragua 17 år.

Norske aner

Nola har norske aner, og skulle ynskje ho kunne snakke norsk som mor og bestemor hennar hadde gjort då ho var lita. Ho lo og fortalde at foreldra hadde "gått julebukk".

Mora hadde servert lutefisk, laga lefse, strull, rosettbakels og sandkaker. Nola hugsar framleis heile den norske bordbøna "I Jesu navn".

I 2012 kom eit amerikansk ektepar innom Inger og Leif, og ho var syster til Nola. Også det eit teikn på sterke band over lange avstandar mellom brev-vennene.

Norges-tur

Sjølvsagt om breva gjekk over alle grenser i år etter år, møttest dei aldri. Men nyleg fekk Eirik, yngste son til Inger og Leif, ein idé om at eit treff måtte vera mogeleg. Han fann Nola på face-book, og etter kvart vart det slik at ho skulle koma til Noreg på besøk.

Slik vart det nyleg ei veke med mange inntrykk for den vesle dama frå andre sida av jorda. Ho møtte sjølvsagt barn og barnebarn i den nære familien til

Inger. Dei var ute og plukka bær, og molta fekk ho sjå og smaka på då dei var på hytta. Eirik tok dei med på tur til Voss, så Nola fekk ein smak av Vestlandet. Dei besøkte ei stavkyrkje, og mange nye ord og uttrykk festa seg hjå den språkmektige dama. Nola hadde moro med å bruke fraser som "lite grann", "mange tusen takk" og "takk for maten". Ho sa at ho hadde aldri trudd ho skulle kunne koma på besøk til Noreg. Ein stor draum vart oppfylt!

Mykje likt

Dei to brev-vennene har mykje felles: Dei er begge velutdanna, likar å gå på tur, brukar gjerne blåfarga klede, og hadde heilt like joggesko! Dei har sendt kvarandre mange små presangar gjennom åra, og ramsar opp diverse dei har gjeve kvarandre, mest til bursdagar.

Nola likte norsk sjokolade veldig godt. Og så syntest ho at lufta i Etnedal var så frisk. Ho følte seg veldig avslappa og frisk, og så var det så trivelege folk her!

Med seg i bagasjen attende til Nicaragua hadde Nola mange inntrykk og gode minne å leva på, foto av alt ho opplevde her, attåt ein gradestokk med trollmotiv - og sjølvsagt noko av den gode norske sjokoladen!

Ingun



Brev-venner i 35 år: Inger Lyberg og Nola Nackerud har skrivne brev til kvarandre sidan 1965, og endeleg møttest dei i Etnedal i sommar. Inger har T-skjorte ho har fått av Nola med påskrift at foreldre også er lærarar. Nola si fortel at ho bur i Nicaragua, der ho er lærar for døve barn og unge.



TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjons arbeid for å skape et varmere og mer inkluderende samfunn. I år går TV-aksjonen av stabelen søndag 21. oktober.

Norge er et samfunn der forskjellene øker. Forskjeller som ikke først og fremst handler om etnisitet eller religion, hvor du kommer fra eller hvem du er. Men om du er innenfor eller utenfor.

Det er mange måter å være utenfor på. Fra å mangle en seng å sove i, til å være utenfor arbeidsliv eller sosiale fellesskap. Dette rammer ikke bare enkeltpersoner, men gir ringvirkninger for hele befolkningen. Med TV-aksjonen NRK 2018 kan Kirkens Bymisjon skape møter som redder liv. Ved å åpne dører og legge til rette for at flere møtes, skal vi vise hvorfor årets TV-aksjon er viktigere enn aldri før. Vi skal tilby mennesker som opplever å stå utenfor, et nytt fellesskap, en seng eller en samtale og slik bidra til at flere får muligheten til å oppnå egne mål og drømmer. Kirkens bymisjon, som startet i Oslo har nå et omfattende arbeid i 22 norske byer.


Hovdmålsettingen til Kirkens bymisjon er at mennesker skal erfare at det er rom for alle – og bruk for alle.

Kirkens bymisjon arbeider med:

- * forebyggende tiltak blant barn og unge
- * boligtiltak for utsatte grupper
- * profesjonell helsehjelp innen fysisk og psykisk helse
- * Inkludering i et flerkulturelt og mangfoldig samfunn
- * omsorg for eldre
- * åpne kirker og gategudstjenester

Følg ellers med på TV-reportasjer i forkant av aksjonen 21. oktober.

MINDRE ALENE SAMMEN



MINDRE
ALENE
SAMMEN

TV-aksjonen i Etnedal

Aksjonskomiteén i Etnedal:

Syver Øistuen
Anders Lunde
Tormod Møller
Ingun kompen
Marit Slettum, leder

Bøssebærere

Takk til deg som vil gi av din tid og si ja til å være bøssebærer søndag 21. oktober. Det kan bety en forskjell for mange mennesker.

Kontakt gjerne en av oss i komiteén hvis du vil være bøssebærer eller har andre idéer til lokalt engasjement i forbindelse med aksjonen.

Laurdag 20. oktober kl. 15

TV-aksjonstreff på Bruflat menighetshus med info om Kirkens bymisjon ved Marte Bjørnøy Lalim. Hun er nå leder på frivilligsentralen i Nord-Aurdal, men har i mange år arbeidet i Kirkens Bymisjon, blant annet i Tøyenkirken på Grønland i Oslo.

Ellers blir det sang, salg av mat, auksjon og åresalg til inntekt for aksjonen.

Hjertelig velkommen!

MIN SALME

Takk for utfordringen, Ingrid Sveen!

Da jeg skulle finne en salme som betyr noe for meg, gikk tankene fort tilbake til Tsumeb. Jeg var så heldig å få ha praksis på en kristen barneskole i Namibia nå i vår. Der var salmesang en stor del av skolehverdagen. Barna hadde en favorittsalme som de ofte sang for oss i friminuttet. De klappet, danset og koste seg med musikken.

Minnet av dette har gjort til at denne salmen har blitt min favoritt. Derfor er det i utgangspunktet elevenes salme jeg vil dele med dere. Jeg vet ikke navnet på salmen, men elevene kalte den bare "brothers and sisters". Teksten i parentes er der fordi jentene sang linjen først, før guttene skulle gjenta med så mye kraft de kunne.

Håper dere liker den.

BROTHERS AND SISTERS

We are the brothers and the sisters
We are the children of the Lord
Rich or poor (RICH OR POOR)
Black and white (BLACK AND WHITE)
We are the same (WE ARE THE SAME)
In front of God (IN FRONT OF GOD)
Rich or poor (RICH OR POOR)
Black and white (BLACK AND WHITE)
We are the same (WE ARE THE SAME)
In front of God (IN FRONT OF GOD)

Kort oversatt blir teksten:

BRØDRE OG SØSTRE

Vi er brødre og søstre
Vi er Guds barn
Rike eller fattige
Sorte eller hvite
Vi er like
foran Gud

Jeg vil gjerne få utfordre Erling Brufladt til å skrive om sin salme neste gang.



Hanne Kompen

ØNSKEDIKTET

Tusen takk til Marte Evensen for hyggeleg utfordring.

Eg har valt eit dikt som er lite i ord og stort i innhald. Det er lett å hugse og fint å hente fram når ein treng ei oppmuntring.

*“Lyset
du treng
finst”*

Av Helge Torvund

Eg vil sende utfordringa vidare til min gode kollega Jane Iren Solbrekken-Nygård, som eg veit er glad i litteratur og ein dyktig formidlar av norskfaget til elevane ved Etnedal skule.



Wenche Rognerud

Kor vart det tå dei?

I dag har Toril Espeseth bustadadresse i Askim, men ho voks opp i Øverlisbygda i Etnedal. Det vil seie, dei fyrste åra budde familien, mor og far Sigrun og Kåre og dei eldre søskena Eva og Gjermund, på Blesen, men då Toril var seks år arva ho Norli, og slik gjekk det til at heile familien flytte dit og vart øverlisbygdingar. No har foreldra forlenst kjøpt huset, og Toril har fått både hus og heim i Askim.

Etter avslutta vidaregåande skule, på Dokka og Gjøvik, og det siste året som hybelbuar, søkte Toril seg inn i Forsvaret. Året var 1995, og ho var fyrst tre månader på Jørstadmoen ved Lillehammer før ho kom til Bardufoss i indre Troms. Dit reiste ho mellom anna saman med ein gut frå Askim, Ronny Aune. Dei hadde fått auga opp for einannan på Jørstadmoen, og sidan har dei vore ilag. 30. juni i år gifta dei seg i Bruflat kyrkje.

Askim, kjærleiken og andre moglegheiter

Kvifor Askim? Gode grunnar for valet var både kjærleiken og gode moglegheiter for skule og arbeid i

nærleiken, og det gjekk ikkje lenge før Toril hadde fått årsvikariat i ein barnehage. Etterpå fekk no nyttigjort seg handel og kontor- faget sitt då ho fyrst fekk jobb på hovedlageret hos Continental Norge, i 1999 starta ho i eit nytt arbeidsforhold i Tollvesenet, der oppgåva hennar var innføring av toll- og bilrelaterte avgifter.

Neste arbeidsplass var nært beslekta, frå 2008 til i dag har ho hatt sitt arbeid hos Skatteoppkrevjaren i Askim kommune.

I 2002 var det pause frå arbeidet ei tid, då Toril og Ronny vart foreldre til Sander, som i vår tok sin ungdomsskule-eksamen.

Ronny starta som anleggsgartner, men er no selger hos Ringnes bryggeri.

Sportslege interesser

Askim bueskytterklubb spelar ei viktig rolle i familien. Her er dei samstemt engasjert, Sander er aktiv bogeskyttar, far Ronny er sertifisert trenar og Toril er aktivitetseiar i klubben.



Heile familien Espeseth/Aune samla ; Toril, Ronny og Sander

Verre er det når vi kjem til forballinteressa. På norsk heier dei rett nok unisont på Sarpsborg 08.(sjå biletet) Verre er det på engelsk ... Tre klubbar blir hyppig nemnt i familien Espeseth/Aune.

Sander heier på Manchester United, Ronny – på Leeds og Toril held med Tottenham, så ho kan fortelje om høglydte diskusjonar i heimen.

Politisk engasjement

Elles har Toril i mange år vore engasjert i politisk arbeid. Tidlegare var Ronny den mest aktive politikaren i familien, men så «overtok» Toril. Dei siste to periodene har ho hatt sete i bystyret i Askim for Arbeiderpartiet, og no sit ho óg i formannskapet i byen. Toril er mellom anna aktivt med i prosjekt- og arbeidsgrupper som har nye Indre Østfold kommune på agendaen. Ho er særst opptaken tå næringsutvikling og infrastruktur i området, og kan tale lenge og varmt om Askim og omegn, som er sentralt beliggande i forhold til hovedstaden vår.

Marit prest



Toril Espeseth, med røter i Etnedal og stort engasjement i sin heimeby Askim.

Melding om adresse-ending

I sommar flytta eg ut av prestegarden. Tidlegare hadde vi prestar buplikt, men litt før den vart oppheva (i 2015) tok eg til å sjå meg om etter ny bustad. I 30 år har Etnedal prestegard vore heimen min, mange og utruleg gode år, med gode minne som eg alltid vil bere med meg. Den store bygningen er ein eigna samlingsstad for møter og andre samvær, men den er ikkje like eigna til å bu og leve i, og slett ikkje for den som bur åleine.

Det er Opplysningsvesenets fond som eig prestegarden (og dei fleste andre prestebustadar), og slik eg oppfattar det sentrale prestegardstilsynet er det ikkje take stilling til kva som skal skje med Etnedal prestegard.

Eit element i mitt val er tanken om at OVF no får tid og høve til å pusse opp bustaden før det kjem ny prest til bygda. Mykje er imidlertid usikkert, og det er slett ikkje sikkert at

ein ny prest vil bu der.

Takk for alle trivelege samvær i prestegarden!

Den nye adressa mi er Bruflatlie 30.

Marit prest



Varme og varmande Etnedalsdagar

Etnedalsdagane 2018 vart arrangert fyrste helga i juli, i år med Etnedal Røde Kors i forarsetet. Tradisjonelle tevlingar, utdeling av prisar, underhaldning og god mat gjorde dagane innhaldsrike for puplikum.

Variert program

Små og store kunne kose seg med kalvar, hestar, hundar, utstillingar, hesteko- og pilkasting, tautrekkekonkurranse, barnekonsert - og mykje meir enn ein vandrane loddseljar kunne få med seg. Gevinstbordet var sjølvsagt også rikhaldig og variert.

Mange av dei yngre stabla bruskasser til store høgder, og dei eldre hadde mangt å velja mellom inne i Etnedalshallen der utstillarane var. Køa var til tider lang ved is-salet, og elles var det mange ulike handverksprodukt å velja i og og laurdagskvelden var det både kviss og musikk innandørs.

Sundagen starta med gudsteneste frå scena. Bruflat sangkor var med, Håvard Telstø las bibeltekstane og Marit prest var liturg.

Prisar

Bustenskjoldsprisen 2018 vart tildelt Ivar Øverlier for stor innsats innan Røde Kors gjennom mange år, og dei seinare åra for sitt store engasjement for å ta vare på krigshistoria i Etnedal.

Etnedal kommune sin idrettspris gjekk til skiløparen Vegard Thon. Olav Øverlis minnepris vart delt mellom skihoppar Ingebjørg Bråten Saglien og Etnedal turngruppe.

Røde Kors

Thor Vegard Woxen er leiar av Etnedal Røde Kors, og har også vore leiar av hovudkomiteen for arrangementet. Han seier at alt gjekk veldig greitt, med 60-70 frivillige hjelperar: med parkeringsvakter, programleiing, sørgje for god lyd, organisering av konkurransane, laga og servere mat med mykje meir.

Nytt lager

- Vi treng eit nytt lager, og overskotet etter Etnedalsdagane skal gå til å starte med det, seier Thor Vegard Woxen. Dugnadsjobben er atter gjort, etter eit arrangement med nesten i overkant godt ver- og utalige trivelege menneske-møte gjennom helga

Stabbur-byggar: Kåre Hagen er storprodusent av små og større stabbur, til glede for fuglane eller til pynt med innlagt lys. På Etnedalsdagane var det lite att då helga var omme.




Sundagen starta med gudsteneste frå scena. Bruflat sangkor sang under leiing av Serhiy Bykov, som også skjotta si organistteneste. Marit prest til høgre.



Bustenskjolds Ærespris: Gjennom heile livet har Ivar Øverlier vore svært aktiv innan Røde Kors med ulike oppdrag, frå ambulanseskjøring til flytting av huset (gamle herredshuset) som no er Røde Kors-hytta på Leningane. Frå venstre Kjetil Korsvoll, Knut Anders Saglien, Thor Vegard Woxen, Ivar Øverlier og ordførar Toril Grønbrekk.



Roleg Etnedalshelg på Valdres folkemuseum



Etnedalshelga på museet vart i år fyrste helga i august med gode soldagar og mange turistar. Det er særleg nederlendarar som er innom museet denne tida. Dei er interesserte i å høyre om både gammalt og nytt i Valdres, også historia til husa våre som dei då kan få koma inn. Dei faste omvisingane inkluderer ikkje Etnedalshusa.

Flatigarden er storgardshuset på museet. Difor det viktig å bruke det og vise det fram. Tutta Solberg sat der med diverse tremåla produkt, og fleire vart produserte i løpet av helga. Marlyn Solhaug og Kristine Solstad hadde mange flotte strikkeprodukt, og alle fekk seldt litt. Turistar på gjennomreise handlar nok ikkje så mykje.

Vennelaget for Valdres Folkemuseum har i heile sommar hatt Nystøga open med sal av lappar med meir. Dei hadde hatt mange innom i veka før, men hadde også lite folk denne helga.

Men Etnedal seniordans svikta ikkje. Dei kom søndag med livleg dans til muntre tonar utanfor Flatigardsbygningen.

Det vart som vanleg servert god heimelaga mat. I år kom Else Marie Bjørnødegård med rummegraut laurdag, og Torgun Thon Hagaseth hadde majel til alle etnedølene søndag.

Neste sommar blir det truleg ein ny sjanse til å laga og besøkje museet på ei Etnedalshelg. Det er museet som bestemmer når vi får sjansen til å vise oss og husa våre fram for besøkjande frå inn- og ut-land, og alle er velkomne til vera med på ulike måtar.

Ingun



Marlyn S. Bergeid, Kristine Solstad og Tutta Solberg hadde utstillingar i Flatøigardsbygningen.



Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no, og Etnedal kommunes face-book-side

Nytilsette i Etnedal kommune



Nina Espeseth Grønbrekk (33) er ansatt som kulturkonsulent i 60 % fast stilling. Nina har master i kulturhistorie. Hun har praksis bl.a som prosjektleder ved lulesamisk senter, kulturvernkonsulent i Buskerud fylkeskommune, bygingsvern-konsulent ved fortidsminneforeningen avd. Oslo og Akershus og rådgiver, nyere tids kulturminner, i Akershus fylkeskommune. Nina er oppvokst på Bjørge, men bor nå på Heggnes. Hun er samboer og har to gutter på nesten 3 år og 2 mnd.




Beth Katrine Onstad (31) er ansatt i 96% vikariat som sykepleier til 20.03.19. Beth er utdannet sykepleier med videreutdanning i operasjonssykepleie. Hun har praksis som sykepleier fra Diakonhjemmet sykehus og fra Rikshospitalet, og som operasjonssykepleier ved Ullevål sykehus. Beth er oppvokst i Aurdal. Hun er samboer.



Madelen Haugen (20) er ansatt i 100 % stilling som helsefaglærling. Hun har praksis fra bl.a. Landmo sykehjem. Madelen er bosatt på Odnnes.



Randi Jensen (60) er ansatt i 80 % midlertidig stilling som støttepedagogisk assistent ved Etnedal skule til 21.06.19. Randi er utdannet sykepleier og har praksis bl.a. fra Revmatismesykehus, Conrad Svensen Senter hjem for døve. Støttepedagog og som barnehagemedarbeider i bydel Nordstrand. Hun er oppvokst i Oslo og er nå bosatt i Etnedal. Randi har fire voksne barn og har hytte- og familereelasjon til Etnedal.



Camilla Stokkehaugen Hovda (21) er ansatt i 70 % midlertidig stilling som assistent til 21.06.19. Camilla er utdannet barn- og ungdomsarbeider og har praksis fra Kirkevoll bofellesskap. Hun er fra Vestre Slidre og bor nå med samboer i Etnedal.



Liv Inger Byfuglien (21) er ansatt i 70 % midlertidig assistentstilling til 21.06.19. Liv Inger har praksis som assistent fra Kirkevoll og Eventyrskogen barnehage. Hun er oppvokst i Etnedal og bor nå med samboer på Odnnes.

KULTURDAGATN I ETNEDAL 20.-28. OKTOBER 2018

Frivillige lag og foreningar, i tillegg til Kulturskulen, vil også i år arrangere Kulturdagatn i oktober. Det blir mellom anna handverkmesse, konsertar, kunstutstilling, Hallo-hviiifest for ungdom, foredrag og ikkje minst den årlege kulturkvelden med utdeling av kulturprisen. Det blir eit variert og spennande program heile veka. Som smakebitar på programmet kan me nemne konsert med Geirr Lystrup i samarbeid med Bruflat songkor og kulturskulen, foredrag om tungtvannssabotørane ved Tom Lium og tur med Turlaget. Alle husstander vil få program i postkassa.

Velkomen til innhaldsrike dagar!

BIBLIOTEKET

Biblioteket er ope ein laurdag i månaden frå og med oktober 2018, kl 10-13.

Laurdagane er:

6. oktober
Dokketeater for barn og vaksne: Blåmann Blåmann
bukken min. Varar om lag 35 minutt.

**Blåmann, Blåmann
bukken min**

Aasmund og Blåmann er
bestevener. Ein dag kjem ikkje
Blåmann heim. Kva kan ha skjedd?

Av og med Siw Elena Skinnemoen og Eirin S.
Skinnemoen

FOLKE
AKAD
EMIE

**KULTUR
DER DU
BUR**

Etnedal folkebibliotek
Laurdag 6. oktober kl 11.00

Produsert av Folkeakademiet med stonad frå Vinje kommune

29. oktober (Kulturdagatn)
1. desember
Følg med på annonsering og plakatar
Turid Bjørge

Informasjon frå Landbrukskontoret:

Beitebruk hausten 2018

Kommunen vil informere om at det no i haust vil bli endringar i tidsperioden for hald av beitedyr i utmark. Det tørre klimaet i sommar har gjeve vesentleg avlingssvikt, dermed er det nødvendig å hauste mest mogleg før i utmarka før sanking. Det vanlege er at det meste av småfe er sanka innan 10. september, då småviltjakta startar. I år vil lam bli sanka inn som vanleg, medan søyer blir sendt ut att i utmarka, for så å bli gåande ute så lenge det er beite tilgjengeleg. Søyer utan lam vil truleg samle seg i større flokkar, og dyra går med bjeller, så dei vil vere lette å lokalisere.

Beitenæringa ynskjer godt samarbeid med jaktmiljøet, og vonar at beiting slik og jakt let seg gjennomføre ved god tilpassing frå alle partar, for samla best utnytting av natur- og friluftressursane.

Kommunen minner samstundes om reglane for hundehald:

- Etter den nasjonale hundelova er det generell bandtvang for hundar i perioden 01.04. – 20.08.
- Kommunen kan ved lokal forskrift innføre ekstraordinær bandtvang, i område der det pågår beiting eller trengst vern av leveområde for vilt.
- Vidare gjeld Etnedal si forskrift om hundehald:
 - o Det er bandtvang i heile kommunen i perioden 01.04 – 30.09.
 - o Unnateke er mellom anna dressert bufhund i ar-

beid eller trening og ettersøkshund i aktiv bruk.
o Kommunen kan etter skriftleg søknad gje unntak frå bandtvangskravet for organisert trening av hundar.

• Etter hundelova gjeld ikkje lokal bandtvang for hund under jakt, trening eller jaktprøving i perioden 20.08 - 01.04. Slik bruk før lokal bandtvang utgår krev løyve frå grunneigar.

Med ynskje om ein fin haust til alle som nyttar utmarksressursane i Etnedal!



Informasjon om erstatning for avlingssvikt

Klimabetinga avlingssvikt er gjeldande for heile kommunen. Alle søknader om avlingsskadeerstatning blir tekne imot, uavhengig av om det er gjeve melding om skaden i løpet av sesongen.

Areal som er omfatta av ordninga dreier seg om fulldyrka og overflatedyrka jord, ikkje areal klassifiserte som innmarksbeite. All avling som er hausta på slike areal i år, anten ved slått eller beiting, skal registrerast. Erstatning blir berekna etter normavling for kommunen, med frådrag for registrert avling i år og 30% eigendel.

Søknad kan sendast når som helst og innan 31.10, gjerne elektronisk, sjå Landbruksdirektoratet si nettside.

Raskere behandling av søknader: Nytt system for søkere av tilskudd til sykdomsavløsning fra august 2018

Den 15.august åpnes det nye elektroniske systemet for dem som søker tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel. Søkerne har fram til nå benyttet papirsøknader, men fra nå kan søkerne logge seg inn i Altinn, og sende søknaden her. Det nye systemet er forbedret slik at saksbehandlingen blir redusert med flere uker. Det betyr at søkeren får pengene inn på konto raskere enn før.

Systemet regner ut automatisk

I tillegg til at behandlingen blir effektivisert, sikrer systemet riktig beregning av tilskuddet og likebehandling av søkerne uavhengig hvor i landet søkeren bor. Tilskuddet blir automatisk beregnet, basert på opplysningene i saken. Søkeren kan også hente opp veiledning og forklaringer inne i systemet dersom det trengs. Når kommunen har behandlet søknaden sendes svaret og vedtaket til deg på Altinn.

Slik gjør du:

- Gå til siden www.altinn.no på internett
- Logg deg inn med MINID, BANKID eller lignende
- Velg landbruksforetaket ditt som «Aktør»
- Søk opp og velg ordningen «Tilskudd til avløsning av jordbrukere ved sykdom, fødsel m.v»
- Legg inn informasjon om sykemeldingsperiode, utgifter til avløser osv.
- Last opp nødvendige vedlegg

Hvis du ikke kan bruke internett

Du kan gi avløserlaget eller andre rett til å fylle ut søknadsskjemaet for deg. Det ordnes også inne på www.altinn.no. Snakk med dem først hvis det er aktuelt.

Papirskjemaet vil fortsatt eksistere en stund til

I en overgangsperiode vil de gamle papirskjemaene eksistere en stund framover. Etter hvert

blir søknadsordningen fullelektronisk for landbruksforetak.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med kommunen din eller Fylkesmannen dersom du lurer på noe.

Systemet er utviklet av Landbruksdirektoratet i samarbeid med Ciber.



NY FOLKEHELSE-LEVEKÅRS-UNDERSØKELSE!

Hei til alle innbyggere fra Ellen fysio/folkehelsekoordinator:

I løpet av september blir det sendt ut spørreskjema til 698 av dere over 18 år, og resultatene fra denne skal innarbeides i en folkehelseoversikt som i sin tur er med på å legge føringer for tiltak på trivselsområdet i kommunen. Det er viktig for oss som arbeider med disse spørsmålene at flest mulig tar seg tid til å svare, siste undersøkelse for fire år siden var Etnedal kommune best av samtlige kommuner i Oppland på svarprosent!

Jeg er kontaktperson for arbeidet, og dere må gjerne kontakte meg hvis dere trenger hjelp. Jeg kan nås over tlf 908 908 78 alle dager, helst på ettermiddagen. Jeg vil også være på dugurd på frivilligsentralen fredager i september i samme hensikt. Lykke til alle sammen, målet for folkehelsearbeidet i kommunen er flere leveår med god opplevd helse!



FRISKLIVSSENTRALEN ETNEDAL AKTIV

FRISKLIVSSENTRALEN er for deg som ønsker endringer i livsstilen din. Du kan få med deg en Opplandsresept fra fastlegen din, eller du kan ta direkte kontakt med oss.

- Kostveiledning
- Livsstilsendring
- Treningsveiledning
- Røykeslutt
- Trimgrupper i sykkel/pilates/styrke
- Individuell oppfølging

Kontortid Mandag 10-16.30 og Onsdag 10-14.
Trimtimer Mandag og Torsdag 16.30-18.30

Ta kontakt med Wendy på tlf 97488805

Kulturdagatn



Stor konsert med Geirr Lystrup tysdag 23. oktober på Etnedal Samfunnshus

Arr.: Bruflat sangkor

Vigsel



Toril Espeseth og Ronny Aune vart vigde i Bruflat kyrkje 30. juni

Dei 40 kronene

Ein av dei gamle norske kongane vandra rundt i landet. Ein dag fekk kongen auge på ein bonde som gjekk og pløgde jorda medan han song av glede over aktiviteten.

- Du mann, eg ser at du er fornøgd med arbeidet du gjer. Er det din gard? spurde kongen.
- Nei, eg arbeider for betaling, svarta bonden.
- Kor mykje får du for strevet og møda?
- 40 kroner dagen.
- Er 40 kroner nok å leva av?
- Det er nok og meir enn nok: Eg har 10 kroner til livsopphald, 10 kroner går til eit lån, 10 kroner låner eg ut til andre og 10 kroner gjev eg til eit godt føremål.
- Kongen sa at dette var eit mysterium han ikkje forstod.
- Forklar meg kva du meiner, bad han.
- Dykkar majestet: Kona mi og eg lever for 10 kroner dagen. 10 kroner brukar eg på mor og far, som oppdrog meg og forsørgde meg heile livet. Dei er

Slekters gang

VIGDE



Bruflat kyrkje

Toril Espeseth og Ronny Aune 30. juni

Nord-Etnedal kyrkje

Inger Johanne Fjøsne og Ola Satalien Øyen 9. juni
Ingrid Biørn Lian Hafr og
Øyvind Solbakk 18. august

DØDE



Bruflat sokn

Jon Steinsvoll
Torlaug Lybeck
Olaug Lundstein Hovde
Nils Anders Klatstølen
Edith Johanne Pauline Knutsen

Nord-Etnedal sokn

Trygve Hagasæt

«Når ingenting ser ut til å hjelpe,
går jeg og ser på en fjellhogger som
hamrer løs på en stein kanskje hundre
ganger uten at man kan se en eneste sprekk.
Alikevel splittes den på det hundre og første
slaget, og jeg vet at det ikke var det slaget
som gjorde det, men alle de som gikk forut.»

Jacob Riis

gamle og kan ikkje arbeida. Dei er mitt ansvar. Dei 10 kronene som eg låner til andre, er dei eg brukar på borna mine. Eg oppdreg dei, gjev dei mat og klede. Når dei veks opp og kona og eg er vortne gamle, kan dei betala lånet til oss. Slik bygger vi livet i generasjonar. Dei 10 kronene eg brukar til eit godt føremål, er pengar eg gjev til to sjuke systre.

- Lever du godt på dette viset?
- Ikkje som deg og dei rike, men betre. Eg har ikkje noko å uroe meg over. Eg har alltid godt samvit, og det gler meg.
- Kongen forlet han med vørnad for grunnlaget for gleda: godt samvit når ein oppfyller livskrava.
- Etter Walid al-Kubaisi

VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



30. september

Preiketekst: Joh. 7, 14-17
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Gudsteneste med nattverd
Prest Per Arne Faye.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet..

7. oktober – Inga gudsteneste

14. oktober – 21. søndag i treeinighetstida

Preiketekst: Luk.16,19-31
Kl. 1900 Nord-Etnedal kyrkje.
Nattverd.
Kveldsmesse.
Takkoffer til TV-aksjonen

21. oktober – 22. søndag i treeinighetstida

Preiketekst: ordspr. 6,20-23a
Kl. 16.00 Bruflat kyrkje.
Sang- og musikk gudsteneste –
TV-aksjonen
Prost Carl Philip Weisser

28. oktober – Bots- og bededag

Preiketekst: Luk. 18,9-14
Kl.11.00 Bruflat kyrkje.
Nattverd.
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge.

4. november – ALLEHELGENSDAG

Preiketekst: Matt.5,13-16
Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Nattverd.
Minnegudsteneste.
Tore Samuelsen
Kl. 19.00 Bruflat kyrkje.
Nattverd.
Minnegudsteneste.
Carl Philip Weisser

11. november – Inga gudsteneste

18. november – 26. søndag i treinighetstida

Preiketekst: Joh.9,1-7. 35b-38
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Gudsteneste.
Solveig Grandhagen deltek.
Takkoffer til Norsk Lærerakademi.

25. november – inga gudsteneste

2. desember – 1. søndag i advent

Preiketekst: Luk. 4, 16-22a
Kl. 16.00 Bruflat kyrkje.
Lysmesse med julespel.
Takkoffer til Det norske bibelselskap.

9. desember – 2. søndag i advent

Preiketekst: Luk. 12, 35-40
Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Nattverd.
Lys vaken-gudsteneste.
Takkoffer til Juniorgjengen.

16. desember

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje.
Julekonsert med kor og korps.

20. desember

Kl. 1900 Nord-Etnedal kyrkje.
Julekonsert med kor og korps.

23. desember

Kl. 09.00 Bruflat kyrkje.
Morgonsang

Med atterhald om evt. endringar.
Gudstenestene blir kunngjort i avisa Valdres.

Pilegrimer

Pilegrimer er vi, på en dunkel jord
vandrer vi mot lyset mens vi ber og tror.
Her er mange gåter. Pilegrimer vet
at de skal besvares i Guds evighet.

Pilegrim var Jesus, født i Betlehem.
Veien som han vandret mot Jerusalem,
var en vei mot korset og den siste kveld.
Pilegrimen Jesus gråt og tok farvel.

Pilegrimen Jesus gir oss dette bud:
"Døden er beseiret. Nå er jeg hos Gud."
Pilegrimer er vi, gåtefull vår vei.
Jesus Kristus ber oss følge etter seg.

Eyvind Skeie 2003 (fra 316 Salmer og sanger)



Konfirmantar 2018